



Smakifrå og Roy Lervåg har to spennande arrangement i romjula.

Roy Lervåg kan melda om to opne arrangement på Oska i romjula. Søndag 27.12. er det Familiedag med film og taco, og tirsdag den 29.12. er det klart for Romjulsdisco. Elles har Smakifrå også nokre lukka arrangement på vertshuset på Sandakaiaen i løpet av romjulsdagane.

Familiedagen er eit samarbeid med Rosendal filmklubb. Den startar kl.14.00, og først vert den fine og hyggelege animasjonsfilmen 'Ernest og Celestine', med norsk tale, vist. Det kostar 50,-kr (+medlemskort i filmklubben) pr. person. Her treng ein kontantar då filmklubben dessverre ikkje har kortautomat. Gledelig er det også å kunna melda at filmklubben kjem til å ha alle sine faste framsyningar på Oska i 2016.

Etter filmen, ca. kl.15.30, er det tid for Mexikansk tacobuffet. Denne har Smakifrå gjort svært barnevennleg, og gjestene kan setja saman sin eigen taco av svinekjøt, oksekjøt, kylling, salatar og sausar. For vaksne kostar dette 175,-kroner medan barn opp til 12 år betalar 90 kroner. Dette bør verta både ei fin smaksoppleving, og ei fin familieoppleving.

På romjulsdiscoen tirsdag spelar DJ Oddvar og DJ Tom Tom opp med danserytmer frå heile verda. DJ'ane byrjar å spela kl.21.30. Kjøkenet serverer Oskas barmat tidleg på kvelden, frå kl.20, og kanskje ein bit av god gammaldags 80-tals-pizza seinare på kvelden. Aldersgrensa er 20 år.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.